

Kontaktperson:

Daglig leder: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

Oktober



Kjære deg på Dølemo!

Som ein fylgje av tilbakemeldingar frå dykk kundar, skal vi prøve å bli litt flinkare til å gje jamnare tilbakemeldingar frå butikken og drifta av denne. Månadsbrevet vil og bli bruka til diverse anna relevant informasjon.

Månadens vinnar

Liv Mona Føreland vann månadens kundelotteri for oktober, og kan kose seg på Joker Dølemo med eit gåvekort på 500,-.
GRATULERER!


Sundagsope

Våre kundar ser ut til å like at Joker Dølemo har ope på sundagar. Kom innom du og! Vi sel kaffi og vaflar. 14.00-18.00

Omsetninga

Vi vil takke våre kundar for at dykk brukar butikken. Som dykk ser av grafen ligg vi nå på ei høgare omsetning enn same periode i fjor, men vi må fortsette å stå på. Kom med innspel slik at vi vert endå betre!

Omsetningstal veke 41-44



Halloweenfeiring

30-35 ungar i ulike kostymer fekk sine godteposar for å ha kledd seg ut på Joker Dølemo den 31.10. Når ein då reknar med foreldre og andre kundar var det ei imponerende mengde med folk som var samla på butikken. Takk til alle som møtte opp! :-)



Innbrot i butikken

Natt til søndag 01.11. tok nokon seg inn i butikken vår og reiste med mykje pengar. Dette gjer situasjonen for butikken vanskelig! Har dykk opplysningar som kan hjelpe til med å finne den/dei som har gjort dette så ta kontakt!

Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955

Dølemo Nærmat AS